

MØTEBOK – TITTELARK

FELLESRÅDSAKER

Førehaving av:
Austrheim sokneråd

Møtestad:
Kyrkjelydshuset

Møtedato:
25.10.2017

Tilstades på møtet:

Medlemer: Kine Lerøy, Arne Lerøy, Per Børge Hillestad, Jusu Gyflan, Britt Leikvoll Ystebø, Anita Bakke, Sylvelin Strømmen Fønnes, Anny Bertelsen.

Varamedlemer:

Inger Synnevåg (dei andre vararepresentantane var forhindra frå å møta)

Andre: Kommunal representant: Anne Dahle Austrheim.

Kyrkjeverje Leif Arne Økland

Desse hadde meldt forfall: Helge Dyrkolbotn, Bjørn Helge Olsen, Svein Tomas Villanger

Desse møtte ikkje:

Saker til førehaving:

Fellesrådssaker: F- 25/17 – F – 30/17

Til møtet var medlemer og varamedlemer skriftleg innkalla.

Underskrift:

Møteboka er ført i samsvar med det som var bestemt i møtet:

F – 25/17 GODKJENNING AV SAKSLISTE OG INNKALLING

Vedtak:

Saksliste og innkalling vart godkjent utan merknader

F– 26/17 GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ 08.06.2017

Vedtak:

Møtebok frå 21.09.2017 vart godkjent utan merknader.

F – 27/17 FRAMLEGG TIL UNDERSKRIFT AV DAGENS MØTEBOK:

Vedtak:

Jusu Gyflan og Britt Leikvoll Ystebø.

F – 28/17 ORIENTERINGSSAKER

1. Resultat prosessen med lokale forhandlingar.
2. Kort orientering om referat frå Fedje sokneråd vedk. felles prosjekt om gjevartenesta

F – 29/17 HØYRING NY TRUSSAMFUNNSLOV

Framlegg til vedtak:

Austrheim sokneråd går inn for modell A – med framleis delt finansieringsansvar mellom stat og kommune – i framlegget til § 12 i ny lov om trus og livssynssamfunn.

Soknerådet meiner at ei statleg rammefinansiering utan den kommunale medfinansieringa, vil føra til mindre lokal forankring og fare forvitring av ei desentralisert folkekyrkje.

Austrheim sokneråd meiner at fellesrådet både som formelt forvaltningsledd og med sine ansvarsområde, vert innført i § 9 i det nye lovforslaget. Fellesrådet sitt ansvar som arbeidsgjevar må gjerast tydeleg i det nye lovverket. Dette bør stå – gjerne som ein overgangsregel – inntil Kyrkjemøtet vedtek ein eventuell ny organisasjonsmodell.

Vedtak:

Austrheim sokneråd utset høyringssaka til neste møte. Soknerådet ønskjer særskilt å få utgreidd meir om det er mogeleg å få fram fleire konkrete tal på kva ei rein statleg tildeling til kyrkja vil slå ut lokalt (modell B) Er det skilnader i tildelingar mellom store og små kommunar?

Bakgrunn:

På bakgrunn av NOU 2013 nr 1: «Det livssynsåpne samfunn» kjem no Kulturdepartementet med sitt høyringsforslag til ei ny felles lov på trus og livssynsfeltet og tilskotsordningane til desse, som skal erstatta Kyrkjelova, Trussamfunnslova og Livssynssamfunnslova (regulerer tilskot til trus og livssynssamfunn). I tillegg vert det foreslått ein del endringar i Gravferdslova.

Denne nye lovgjevinga har høyringsfrist 31. des 2017. Nytt lovverk vil påvirka heile kyrkja også heilt ned på lokalplanet. Soknerådet har ikkje for vane å laga uttale ved innføring av nytt lovverk. Denne høyringa vil likevel vera viktig å setja seg inn i og meina noko om, sidan konsekvensane av korleis lovverket vert utforma kan bli ganske store.

I framlegg til ny lov om trus og livssynssamfunn har Den norske kyrkja fått eit eige kapittel (kapittel 3 §§ 8 – 16). Dette fordi kyrkja har hatt og vil ha ei særstilling med tanke på å at den *«forblir en demokratisk og landsdekkende evangelisk-luthersk folkekirke»*.

Forholdet mellom staten og kyrkja har vore i endring det siste tiåret, inn mot meir sjølvstende og større likebehandling av kyrkjесamfunn utanfor den norske kyrkja. Frå 1. januar 2017 er begrepet «statskyrkje» begravd og Kyrkjerådet og bispedøma har no fått statusen «Rettssubjektet Den Norske Kirke» og har til liks med sokna fått ein sjølvstendig juridisk status. Soknet er ikkje ein del av det som vert kalla «Rettssubjektet den Norske Kirke».

I lovforslaget § 9 vert det slått fast at *«Soknet er den grunnleggende enheten i Den norske kirke og kan ikke løses fra denne.»* (s 78). Departementet meiner vidare at organiseringa av kyrkja i framtida vil vera opp til Kyrkjemøtet å avgjera: *«Lovforslaget overlater forøvrig til Kirkemøtet å fastsette hvilke organer Den norske kirke skal ha, både lokalt, regional og sentralt.»* (s 79). Det betyr i prinsippet at både fellesråd og bispedømeråd kan forsvinna frå kartet. Lovforslaget nemner berre soknerådet og Kyrkjemøtet som kyrkja sine lovpålagte organ. Frank Grimstad i KA meiner at når lovforslaget ikkje er tydelegare på kva som skal vera soknet sine oppgåver så vil lovforslaget innebera *«at dagens lovregulerte beskrivelse av ansvar og oppgaver oppheves»*. (kommentar på KA si nettside 28.09.17). Han meiner vidare at dette vil bety at dette vil tømme soknet for oppgåver og ansvar der han særleg etterlyser korleis soknet sitt arbeidsgjevaransvar vil framstå i eit nytt lovverk; *«Som arbeidsgiverorganisasjon reagerer vi særlig negativt på at vesentlige arbeidsgiverforhold omtales så lett»*.

Framleis og inntil noko anna vert bestemt er det slik at prestane og bispedømeadministrasjonane vert finansierte ved eit rammetilskot frå staten, medan kyrkja lokalt i stor grad vert finansierte ved tilskot frå kommunebudsjetta.

Val av organisering og finansieringsmodell vil ha mykje å seia for korleis kyrkja lokalt skal leva vidare. Det er mange andre moment ein kunne drøfta i denne høyringa, men dette punktet er det som er mest relevant for oss på lokalplanet og som vil kunna medføra store konsekvensar avhengig av kva for modell ein landar på.

Gjeldande lovverk:

I dag er det §§ 14 og 15 i Kyrkjelova som regulerer soknerådet (fellesrådet) sitt ansvar og finansieringa av desse områda. Kyrkjelova har definert at det er kommunen som har finansieringsansvaret. Desse områda er:

- Bygging, drift og vedlikehald av kyrkjer.
- Anlegg og drift av gravplassar
- Drifta stillingar som vert lønna over fellesrådet sitt budsjett
- Skaffa og drifta kyrkjekontor og prestekontor
- Lokale, utstyr og materiell til konfirmantopplæring
- Kan også dekkja utgifter til kyrkjeleg undervisning, diakoni, kyrkjemusikk og andre kyrkjelege tiltak.
- At finansieringa skal kunna dekkja utgifter til forordna gudstenester og kyrkjelege handlingar.

Nytt framlegg til finansiering:

I utkastet til ny lov om «tros og livssynssamfunn» er det i § 12 lagt fram to heilt ulike framlegg til finansieringsmodell (s 226 – 227 i høyringsdokumentet). Høyringsframlegget tek ikkje stilling til kva for modell for finansiering dei tilrår.

Modell A: Framleis statleg støtte til prestenesta, bispedøma og Kyrkjerådet samt kommunal finansiering av kyrkja lokalt (som i dag)

Modell B: Statleg finansiering av heile kyrkja si verksemd, både nasjonalt, regionalt og lokalt, med unntak av gravferdsforvaltninga som framleis skal vera eit kommunalt ansvar. Staten yter ei rammeoverføring til kyrkja, som igjen har ansvaret for å forvalta midlane heilt ned på lokalplanet.

Departementet lister opp følgjande argument for ei *vidareføring av det kommunale utgiftsansvaret*:

- Kyrkjereformene skulle ikkje etablera ei ny kyrkje, men bidra til stabilitet og kontinuitet ved at vi framleis kan ha ei lokal folkekyrkje.
- Finansieringa nedanfrå har medført at Den norske kyrkja har ein langt meir desentralisert organisasjonsstruktur enn mange andre kyrkjesamfunn.
- Kommunal finansiering har bidratt til eit godt lokalt samarbeid og forankring.
- Framleis kommunal finansiering gjer at kyrkja reint økonomisk har fleire bein å stå på.
- Soknet har større økonomisk sjølvstende ved ei vidareføring av den kommunale finansieringa. (s 100)

Departementet listar vidare opp følgjande argument for ei *statleg overføring av midlar til kyrkja*:

- Naturleg sidan kyrkja har blitt ei sjølvstendig eining frå og med 1. januar 2017 med ein eigen forvaltningsorganisasjon utanfor staten.
- Kyrkja kan sjølv organisera alle sine oppgåver og ressursar og sjå dette i ein samanheng.

- Ein får til eit overordna ansvar for kyrkja sin økonomi og høve for å få ei arbeidsgjevarlinje i staden for to som i dag.
- Ei betydeleg forenkling av den offentlege finansieringsordninga av kyrkja. (s 102 – 103).

Departementet sitt syn på gravferdslova:

Det er kyrkjeleg fellestråd som i dag og nesten utan unntak er gravferdsforvaltar og får dekkja desse kostnadane av kommunen.

Alle utval etter krigen som har sett på forholdet mellom stat og kyrkje har gått inn for at kommunane skal overta ansvaret for gravferdsforvaltninga.

Hovudargumentet har vore at det prinsipielt er uheldig at eit trussamfunn har forvaltningsansvaret for gravplassane – som er for alle (s 202 i høyringsdokumentet). Dette synet har likevel fått massiv motbør. Hovudvekta på tilbakemeldingane har vore at ordninga vi har i dag fungerer utmerka og at det ikkje er grunn for å endra på ei ordning som fungerer så pass bra.

Gravferdslova § 23 opnar for kommunal drift av gravplassane, men då må dette godkjennast av departementet i tillegg til kommunestyret. 5 kommunar har ei slik ordning i dag.

Vidare problematiserer departementet at ein skal foreta ei generell ordning der kommunane overtar ansvaret for gravferdsforvaltninga

- Gravplassane er soknet sin eigedom og ei generell overføring til kommunane vil innebera mange uavklarte forhold vedk eigdomsforholda. (s 201 og 203)
- Ei generell ordning med kommunal gravferdsforvaltning, vil føra til at det ikkje er mogeleg å speilvenda § 23, slik at ein unntaksvis kunne la kyrkja vera gravferdsforvaltar. Dette fører til mindre fleksibilitet (s 205).
- Ei kommunal gravferdsforvaltning ville medføra ei verksemdsoverføring til kommunen som arbeidsgjevar for tidlegare tilsette i fellestråda. Tilsette i fellestråda har gjerne arbeid på gravplassane som ein del av andre oppgåver. Dette ville bli lite fleksibelt. (s 207)

Departementet sitt framlegg til endringar i gravferdslova:

- Namnet vert endra frå gravferdslova til *gravplasslova*. (for å presisera at lova ikkje regulerer gjennomføringa av sermonien, men avgrensar seg til forhold rundt gravlegginga (s 209).
- Nemninga «kirkelig fellestråd» vert endra til «gravplassmyndigheten» - sidan det ikkje er avklart korvidt kyrkja sjølv etter nytt lovverk ønskjer å behalda dette forvaltningsleddet. (s 229).
- Fylkesmannen overtek bispedømerådet sitt ansvar som klageinstans for saker etter gravferdslova, med same grunngjeving som over (s 230).

Drøfting:

Det har skjedd store endringar i kyrkja sitt forhold til staten dei siste åra, med den endelege lausrivinga med verknad frå 1.januar i år. Dette vil også naturleg føra til andre endringar.

Det er forståeleg at både organiseringa generelt og finansieringa av kyrkja kjem i kjølvatnet av desse prosessane.

Den norske kyrkja ser svært ulik ut alt etter kvar i landet ein er. Oslo har no eit medlemstal under 50%, i kombinasjon med eit stort mangfald av andre religiøse trussamfunn og ein betydeleg del av folketalet utan religiøs tilknytning i det heile. Ein distriktskommune som Austrheim har til samanlikning eit medlemstal på 79% og ei kyrkje med solid fornkring i lokalmiljøet.

Drøfting av endringar i gravferdslova:

Dei foreslåtte endringane i gravferdslova er ganske moderate. Det er forståeleg med ei namneendring, sidan målsetjinga med den nye gravplasslova er å regulera forhold på og i samanheng med gravplassen utan å blanda inn sermoniane, uavhengig av innhald i desse.

Det er gledeleg at departementet har tatt inn over seg dei massive tilbakemeldingane på at måten kyrkja lokalt forvaltar ansvaret for gravplassane, er meir enn godt nok. Ei omfattande endring av dette ville skapa langt fleire problem enn det ein løyser, sjølv om dei fleste kan vera samde i at det reint prinsipielt og ut frå eit nøytralitetsvurdering, kunne vera eit gode om kommunen hadde hatt eit slikt ansvar.

Drøfting av moglege organisatoriske endringar lokalt:

Direktøren i KA har eit poeng i at det som ikkje står i framlegget til ny § 9 i framlegget til ny lov, kan virka uklårt og kan oppfattast som at soknet har blitt tappa for oppgåver.

På den eine sida er det ikkje meir enn rett og rimeleg at kyrkja sjølv får ansvaret med å utforma sin eigen organisasjon. Dette er eit grep som gjev kyrkja stor grad av fridom og er positivt.

På den andre sida vil det vera svært uheldig om det vert vedtatt ei ny lov utan at ein veit kva for ansvar som er lagt til soknet og organiseringa av dette. Det bør såleis i framlegget til ny lovtekst sikrast at soknerådet/fellesrådet med sine lovpålagte oppgåver og ansvar, ikkje forsvinn før Kyrkjemøtet eventuelt har bestemt noko anna.

Drøfting av finansieringsmodellane:

Det er grunn til å tru at det er store skilnader i oppfatning på korleis kyrkja bør organiserast og finansierast ut frå kva for røyndom ein står i. Austrheim sokn har hatt og har eit godt forhold og samarbeid med kommunen. Austrheim sokn har lang erfaring med at det er kort veg til kommunen som tildelande instans for midlar til kyrkja lokalt – og at den same kommunen ønskjer kyrkja lokalt alt det beste. Dette skuldast mange år med eit tett samarbeid både på tenester og finansiering av verksemda.

Kyrkjeverja har vanskeleg for å sjå at alternativ B med ei statleg rammefinansiering av kyrkja vil vera eit gode for kyrkja lokalt dei næraste åra. Ein vil fjerna seg frå kommunen som samarbeidsinstans, sidan kommunen

dermed ikkje vil ha eit lovfesta krav om å støtta den lokale kyrkja. Tenestene som kommunen yter (på løn, fakturering og rekneskap til dømes) vil etter alt å døma bli fasa ut, med ein betydeleg kostnadsauke som resultat fordi ein må etablere alternative ordningar utanom den kommunale tenesteytinga ein har i dag. Ein vil etter alt å døma verta ein utkant i kampen om ressursar til kyrkja lokalt. Det er grunn til å tru at ei slik løysing sannsynlegvis vil pressa fram heilt nye og meir sentraliserte måtar å organisera seg på, med den konsekvensen at staben etter alt å døma også vil bli sentralisert. Erfaringar frå denne hausten sitt framlegg til statsbudsjett, gir også grunn til uro med tanke på økonomien i kyrkja. Om ein i tillegg mister den kommunale delen av kyrkja si finansiering, så er det langt frå sikkert at ein vil vera i stand til å oppretthalda den sentrale målsetjinga om å vera ei folkekyrkje for alle.

På den andre sida er det også gode argument for å gå inn for alternativ B – med ei statleg understøtting av kyrkja i form av eit rammetilskot. Det er ikkje unaturleg å hevda at denne organiseringa vil vera ein naturleg følge av at staten og kyrkja har skilt lag. Staten trekkjer inn årene og let det vera opp til kyrkja sjølv å organisera seg på ein mest mogeleg effektiv måte. Kyrkja får ein sjanse til å bli eitt trussamfunn, med *ei* arbeidsgjevarlinje og *ein* heilskapleg måte å organisera seg på.

Å vidareføra dagens ordning med ei delt finansiering mellom stat og kommune, vil på mange måtar forsinka ei restrukturering av kyrkja, som uansett vil måtta koma på grunn av at vi ikkje lenger er ei statskyrkje. Dagens ordning med to arbeidsgjevarlinjer – bispedømerådet for prestane og fellesrådet for alle andre kyrkjeleg tilsette – krev både innsikt i sine ulike roller og vilje til samarbeid. To arbeidsgjevarlinjer er meir krevjande å forhalda seg til enn ei arbejvarlinje i ein meir heilskapleg organisasjon.

Det er ikkje usannsynleg av soknerådet innanfor denne forma for organisering vil måtta bli endå meir frampå og jobba endå hardare for å ta ansvar for å drifta si kyrkje lokalt. Sannsynlegvis vil ein måtta satsa endå meir på gjevarteneste og frivillig innsats. Dermed kan ein stå overfor ein situasjon der lokalkyrkja kan bli vitalisert og framstå tydelegare som ei kyrkje.

F 30/17

LEIGE AV KYRKJA VED GRAVFERDER FOR IKKJE-MEDLEMMAR

Framlegg til vedtak:

Enten:

Austrheim sokneråd innfører ny ordning for leige av kyrkja til gravferder for personar som ikkje er medlemmar. Leiga skal dekke utgifter til oppvarming, bruk av kyrkjemusikar og kyrkjetenar.

Eller:

Austrheim sokneråd ønskjer å vidareføra gjeldande praksis: Utleige av kyrkja til gravferd der avdøydde ikkje var medlem, medan gjenlevande er medlem, medfører ingen leigekostnader.

Vedtak:

Austrheim sokneråd innfører ny ordning for leige av kyrkja til gravferder for personar som ikkje er medlemmar. Leiga skal dekkja utgifter til oppvarming, bruk av kyrkjemusikar og kyrkjetenar. Leige av kyrkja vert fastsett til kr 3000,- for kvar gravferd.

Bakgrunn:

Saka har vore drøfta i AU. AU kunne ikkje einast om ei felles innstilling og løfter med dette saka opp til drøfting i soknerådet, med to alternative framlegg til vedtak. Spørsmålsstillinga handlar om det er rett at gravferder frå kyrkja som gjeld ikkje-medlemmar skal vera utan leigekostader eller ikkje. Dette handlar om leige av kyrkja, ikkje om sjølve gravlegginga. Der er reglane like for alle uavhengig av medlemsskap i kyrkja.

Problemstillinga oppstår når den avdøde ikkje er medlem og ønskjer å bruka kyrkja til gravferdssermonien. Dette gjeld personar som har meldt seg ut av kyrkja av ulike årsaker eller tilhøyrrer andre kyrkjesamfunn.

Det har vore ein lenge innarbeidd praksis i Austrheim at der avdøde ikkje var medlem medan gjenlevande er medlem, så har ein ikkje frå kyrkja si side kravd leige av kyrkja.

Praksis andre stader i landet er varierende, men likevel med ei overvekt på at kyrkja lokalt tek seg betalt for leige av kyrkja ved gravferdsermoniar i forhold til ikkje-medlemmer. I mindre fellesråd syner det seg likevel å vera mindre praksis for dette.

For Austrheim sin del vil problemstillinga vera aktuell ved 2 – 3 gravferder i året. Det er ulikt korleis pårørande ønskjer sermonien gjennomført. Nokon kan ønskja at lokal prest skal forretta, andre kan ønskja forstandar frå anna kyrkjesamfunn skal gjera det. Siste dømet er at kyrkja vart brukt til ei gravferd etter katolsk tradisjon.

Prestane har ei ordning der det skal krevjast betaling for sermonien ved gravferder for ikkje-medlemmar. Dette har heller ikkje vore praktisert i Austrheim. Desse spørsmåla er ei sak mellom prestane og bispedømet og er ikkje noko soknerådet skal meina noko om.

Drøfting:

Dette er ei sak der ein kanskje vegrar seg for å gå inn og krevja betaling for desse tenestene. Dette kan ha samband med at ein i eit lite lokalmiljø gjerne oppfattar at kyrkja er for alle, uavhengig av den einskilde si tilknytning til kyrkja.

Dette avspeglar seg også i kva som er rapportert praksis frå andre stader i landet, frå små fellesråd er dette ikkje så vanleg, av grunnar som nemnd ovanfor og fordi problemstillinga oppstår så pass sjeldent.

Likevel er det grunn til å løfta opp problemstillingane på nytt. Dei siste åra synest det som at fleire er blitt meir bevisste på si tilknytning til kyrkja, enten fordi ein bevisst melder seg ut av kyrkja av ulike årsaker eller fordi ein tilhøyrrer eit anna kyrkjesamfunn.

Problemstillinga dukkar opp i Austrheim med ujamne mellomrom. Det skjer ikkje så ofte, men det skjer ofte nok til at vi har behov for å få dette drøfta igjennom på eit litt høgare plan, slik at vi kan ha ei eintydig linje framover.

Kyrkjeverja er av den oppfatninga at avdøydde som ikkje er medlem av kyrkja, bør betala for leige av kyrkja til gravferdssermoni. Det avgjerande bør vera avdøydde om avdøydde var medlem eller ikkje.

AUSTRHEIM SOKNERÅD

MØTEBOK – TITTELARK

SOKNERÅDSAKER

Førehaving av:
Austrheim sokneråd

Møtestad:
Kyrkjelydshuset

Møtedato:
25.10.17

Tilstades på møtet:

Medlemmer: Kine Lerøy, Arne Lerøy, Per Børge Hillestad, Jusu Gyflan, Britt Leikvoll Ystebø, Anita Bakke, Sylvelin Strømmen Fonnes, Anny Bertelsen.

Varamedlemmer: Inger Synnevåg

Andre:
Kyrkjeverje Leif Arne Økland

Desse hadde meldt forfall: Helge Dyrkolbotn, Bjørn Helge Olsen, Svein Tomas Villanger

Desse møtte ikkje:

Saker til førehaving:

Soknerådsaker: S – 19/17 – 22/17

Til møtet var medlemmer og varamedlemmer skriftleg innkalla.

Underskrift:
Møteboka er ført i samsvar med det som var bestemt i møtet:

S- 19/17 GODKJENNING AV SAKSLISTE OG INNKALLING

Vedtak:

Saksliste og innkalling vart godkjent utan merknader.

S- 20/17 GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ 22.11.16

Vedtak:

Møteboka frå 08.06.2017 vart godkjent utan merknader.

S- 21/17 ORIENTERINGSSAKER

- Erfaringar frå korhelga
- Temakveldar
- Syng deg glad komiteen
- Den store barnehelga.

Dette kom fram elles i soknerådet:

Kan vi i etterkant av og i samanheng med barnehelga invitera dei same årsgruppene til utvalde gudstenester i løpet av året? Vi ønskjer at ringerommet skal brukast aktivt og at vi utfordrar nokre konfirmantleiarane til å hjelpa til med aktivitetar for dei minste i samband med desse gudstenestene. Vi treng minst 1 vaksen til å vera med kvar gong. Desse meldte seg til denne tenesta: Jusu Gyflan, Inger Synnevåg, Anne Dahle Austrheim (samstundes som ho likevel er kyrkjevert), Arne Lerøy. Sylvelin Fønnes og Britt Ystebø kan også stilla som reserve. Det skal skrivast i Kyrkjebakken om desse planane.

S- 22/17 OFFERSØKNADANE 2018

Framlegg til vedtak:

Austrheim Sokneråd delegerer til AU å fastsetja den endelege tildelinga av offersøknadane.

Austrheim sokneråd tilrår ei vidareføring av dei faste tildelingane som ein har tradisjon for. Dei gongane gudstenesta fell på same tidspunkt som TV-aksjonen, vert offeret gitt til denne.

Misjonsprosjektet vert tildelt minimum ei av kyrkjeofringane i løpet av 2018.

Ofringane til kyrkjelydsarbeidet skal overførast bunden konto, tilsvarande som for gjevartenesta.

Vedtak:

Austrheim Sokneråd delegerer til AU å fastsetja den endelege tildelinga av offersøknadane.

Austrheim sokneråd tilrår ei vidareføring av dei faste tildelingane som ein har tradisjon for. Dei gongane gudstenesta fell på same tidspunkt som TV-aksjonen, vert offeret gitt til denne.

Misjonsprosjektet vert tildelt minimum ei av kyrkjeofringane i løpet av 2018.

Bakgrunn:

Offersøknadane for 2018 ligg no føre. Dei fleste har komme gjennom fellesutsendinga til Kristelig Pressekontor, medan nokon få har kome enkeltvis via mail og post. Det er tilsaman 82 søknader.

Det har vore tradisjon i Austrheim gjennom mange år at nokre tildelingar går igjen til faste tidspunkt. Kirkens Nødhjelp sine faste tildelingar på 17.mai og julafta, NMS 1.juledag, Kirkens Bymisjon i Bergen på lysmessa, Bibelselskapet på den dagen det er utdeling av biblar til 5.klasse og Bergen Søndagsskulekrets i samband med barnehelga.

Før offertildelinga i 2017 drøfta soknerådet prinsippa for tildeling og vart samde om å vidareføra dei faste tildelingane. Om lag halvparten av ofringane skal gå til kyrkjelydsarbeidet. (skal desse pengane inn på bunden konto?). Ein bestemte seg for å gå vekk frå at kyrkjeofringane skal gå til misjonsprosjektet. Dette vart grunngeve med at kyrkjeofringane skulle erstattast med ein basar som Kjerringrokken og Misjonsforeininga tek ansvar for. Soknerådet har delegert til AU å setja opp endeleg liste for offertildelingane. I løpet av 2017 har ein likevel gjort følgjande endringar på dei oppsette tildelingane; den 27.08 gjekk likevel offeret til misjonsprosjektet etter pålegg frå biskopen i samband med at dette var ein av dei 4 temagudstenestene i samband med Lutherjubileet. 22.oktober skulle offeret gå til organisasjonen Menneskeverd, men sidan det er TV-aksjon same dag vart denne prioritert.

Det har kome innspel om vi skulle arbeida for å etablera ein fast stasjon i kyrkja som informerer om misjonsprosjektet vårt.

Drøfting:

Det er etter kyrkjeværja sitt syn ei fornuftig ordning at AU har delegert mynde til å foreta den endelege tildelinga av offersøknadane. Då er det også lettare å foreta justeringar i løpet av året, som vi såg oss nødt til å gjera i 2017.

Soknerådet bør i dette vedtaket gjera ei vurdering på om ein tydelegare skal slusa ofringane til kyrkjelydsarbeidet inn på den same bundne kontoen som gjevartenesta går til. I så fall får ein styrka grunnlaget for stillinga ein ser for seg å etablera. Ofringar til kyrkjelydsarbeidet kan elles lett hamna «i det store sluket».

Soknerådet bør sjå ein gong til på om det er den mest hensiktsmessige ordninga at alle ofringane som har gått til misjonsprosjektet – og blitt erstatta av ein basar i regi av Kjerringrokken og Misjonsforeininga – bør halda fram eller ikkje. Ei innvending kan vera at kyrkjelyden generelt bør involverast meir i misjonsprosjektet og at det vil vera lettare ved at ein bidrar til dette via ei kyrkjeofring. Om det vert etablert ein fast stasjon i kyrkja som informerer om misjonsprosjektet bør dette bli avspegla i gudstenesta med minst ei kyrkjeofring.

Det kan også vera fornuftig om ei har ei fast ordning om at TV-aksjonen vert tildelt kyrkjeofringa dei gongane gudstenesta fell på same dag som aksjonen.

